


Gunnar Wilhelm Syslak  
Veråsvegen 131, Lindås  
gnr. 108, bnr. 25, 35 og 489 i Lindås kommune

## Skisse



21. april 2015



Nabobygget i sør (bnr. 477) er eit eldre forretningsbygg som er ombygd til fire husvære, med avtale om parkering (8 plassar) på bnr. 489.

Nabobygget i nord (Lindåstunet) er ein eldre institusjon som no er overteken av Lindås kommune. Mellom Lindåstunet om lag 35 meter over havet og bnr. 25 om lag 15 moh er det ein høgdeskilnad på om lag 20 m. På bnr. 35 er skråninga brattare enn 1:1. På nordsida av bnr. 25 er skråninga slakare.

Skråninga bør truleg betraktast som ein naturleg skille mellom to byggjesoner og reknast som ubebyggjeleg men likevel delvis eigna til felles opphald og gange.



#### UTVIKLINGSPLAN :

Ombygging av krysset Prestavegen / Veråsvegen.

Grensejustering.

2 nybygg 10x10 m i tillegg til eksisterende.

Felles parkerings langs fylkesveg (inntil 12 plassar) + parkring på tomt og langsveg.

Med frådrag av avtalte 8 plassar til bnr. 477 vert det 11 plassar på eigen grunn, som dekkar parkeringsbehovet for om lag 8 bustader med dekningskrav 1,5 parkeringsplassar pr. bustad.

#### OPPSUMMERING

Eventuell oppstart av arbeid med reguleringsplan er drøfta med kommunen i møte 12. 03. 2013.

Men den aktuelle utviklingsplanen vil kunna gjennomførast som tiltak (deling, byggjeløyve) basert på dialog med berørte naboar og styresmakter, utan tidkrevande regulering.

Både kommunen og fylkeskommunen (vegvesenet) kan ha interesse av ei utbetring av krysset mellom Prestavegen (kommunal) og Veråsvegen (fylkeskommunal). Deler av bnr. 489 vil kunna stillast til disposisjon for dette i byte med areal nederst i skråninga nord for bnr. 25 som Bnr. 1/Fnr. 4 likevel ikkje vil kunna gjera seg nytte av.

Arbeidsopplegget vidare bør drøftast i møte med kommunen.

*Vida Pujari*